



Gol kommune

Møtereferat

Referatdato: 21.09.2020 **Møtedato:** **Referanse:** 20/00197-9

Mottakarar:

Hege Mørk/Rådmannen; Herbrand Jegleim/Ordføraren; Svein Eide/Samfunn og utvikling

Referent:
Jørn Magne Forland

Kopi:

Referat frå klimarådsmøte 21.09.2020

Tilstades: Herbrand Jegleim, Hege Mørk, Svein Eide og sekretær Jørn Magne Forland

Kjell Borge møtte som representant frå Hemsedal og Gol bonde og småbrukarlag.

| Punkt | Beskrivelse | Ansvarleg | Frist |
|-------|---|---------------------------------|-------|
| 1 | Status for prosjekt karbonbinding i fjell-landbruket Prosjektet er inne i sitt andre år og skal etter planen verte avslutta i 2021. Ulike tiltak er testa ut på gardane til Kjell Borge og Embrik Rudningen – for å få meir humus som igjen vil gje betre mikrobiologisk liv i jorda og gjere at jordkvaliteteten aukar og gjev betre avlingar. Meir humus gjer også at meir karbon vert tatt opp og at jorda heldt meir på vatnet. Det er særstakt viktig at mikronæringsstoff vert verande jorda, til dømes bor. Slike stoff bør verte tilført då det er mangel fleire stader. På garden til Embrik Rudningen vert det tilført Ferment i blautgjødsla for slik å bevare dei viktigaste næringsstoffa, og det vil også leie til at den utprega | Kjell Borge og Embrik Rudningen | |

| | | | |
|---|--|--------------------|--|
| | <p>gjødselstanken frå lukka gjødselsskjellar vert redusert.</p> <p>Kort oppsummert er suksessoppskrifta å stimulere/optimere dei humusdannande prosessane. Her skal både underkultur, grønngjødsling og kulturvekst verte nytta som verktøy for humusdanninga. Dei levande stoffskifteprosessane vert viktig å stimulere og drøvtyggjarar er eit viktig verktøy i humusoppbygginga.</p> <p>Når prosjektet er avslutta vert prosjektleiarane invitert attende til klimarådet for å presentere resultatet og diskutere vegen vidare, med eventuelt kommunalt bidrag frå klimafondet.</p> | | |
| 2 | Gjennomgang av TØI-rapport; Hallingdal - Trafikken og tiltak for reduksjon av klimaaavtrykket – Saka vert utsett til neste klimarådsmøte. | Jørn Magne Forland | |
| | | | |

Til neste møte i oktober vert Sparebank 1 Hallingdal og Valdres invitert.

Gol, 23.09.2020

Jørn Magne Forland
miljøvernrådgjevar